



La bygdane og skulane leve, då kan Kvinnherad framleis vera ein attraktiv kommune å bu i.

Dette er oppmodinga til slutt i eit ope brev til politikarane frå klubben ved Uskedalen skule. Klubben ynskjer levande bygder og levande bygder treng skule, held klubben fram.

I brevet heiter det vidare:

' Avstanden mellom heim og skule må ikkje verta for stor. Born og unge treng gode oppvekstvilkår der dei bur.

I ei tid der skulen skal satsa på fysisk fostring, er det eit paradoks at dei fleste elevane vil verta avhengige av skyss.

Rådmannen konkluderar i si utgreiing med at det kan verta negativ folketalsutvikling i alle bygder der skulen er føreslege nedlagt.

Er det dette politikarane vil?

Vi vil ikkje ha det slik. Vi treng veddlikehald av skulane, ikkje monumentbyggjing.'